

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre - AU
Møtestad: E-post, Fjordsenteret Aurland
Dato: 09.11.2015
Tidspunkt: 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Marta Finden Halset	Leiar	VIK
Hans Erik Ringkjøb	Medlem	VOSS
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

Merknader

Møtet var gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/15	Stølsheimen landskapsvernområde - Oppsetting		2015/3852

av skilt på turstiar i Ortnevik

Arkivsaksnr: 2015/3852-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 04.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre - AU	2/15	09.11.2015

Stølsheimen landskapsvernomsråde - Oppsetting av skilt på turstiar i Ortnevik

Innstilling frå forvaltar

Arbeidsutvalet i Stølsheimen verneområdestyre gjev Ortnevik Grendalag løyve til å setja opp retningsskilt og namneskilt på fylgjande turstiar i Ortnevik:

- Neset – Brydalen
- Brydalen – Brydalsstrupen
- Brydalen – Storekusen
- Seten – Brydalen
- Vassdalen – Furedalen. Det kan setjast opp informasjonsskilt om vassskjelde i Vassdalen ved enden av Vassdalsvatnet.
- Fodnesstølen – Solrenningane
- Skåra - Fitjefjellet

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde Punkt VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Skilta skal vera av tre
- Skilta skal ikkje boltast fast i fjellet eller festast til kulturminne
- Grunneigarlaget har ansvar for vedlikehald av skilta, og fjerna skilta dersom turstien ikkje lenger vert nytta eller av andre årsaker ikkje skal vera merka
- Skilta skal bytast ut med standardskilt for landskapsvernomsråde når besøksstrategien for Stølsheimen landskapsvernomsråde er klar

Før skilta vert sett opp, må det liggja føre løyve til å setja opp skilta frå aktuelle grunneigarar i område.

Tiltaksmidlar til skilt

Stølsheimen verneområdestyre løyver inntil kr. 3 000 eks. mva i tiltaksmidlar til kjøp av turskilta nemnt i dette vedtaket.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - AU - 09.11.2015

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Arbeidsutvalet i Stølsheimen verneområdestyre gjev Ortnevik Grendalag løyve til å setja opp retningsskilt og namneskilt på fylgjande turstiar i Ortnevik:

- Neset – Brydalen
- Brydalen – Brydalsstrupen
- Brydalen – Storekusen
- Seten – Brydalen
- Vassdalen – Furedalen. Det kan setjast opp informasjonsskilt om vassskjelde i Vassdalen ved enden av Vassdalsvatnet.
- Fodnesstølen – Solrenningane
- Skåra - Fitjefjellet

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde Punkt VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Skilta skal vera av tre
- Skilta skal ikkje boltast fast i fjellet eller festast til kulturminne
- Grunneigarlaget har ansvar for vedlikehald av skilta, og fjerna skilta dersom turstien ikkje lenger vert nytta eller av andre årsaker ikkje skal vera merka
- Skilta skal bytast ut med standardskilt for landskapsvernområde når besøksstrategien for Stølsheimen landskapsvernområde er klar

Før skilta vert sett opp, må det liggja føre løyve til å setja opp skilta frå aktuelle grunneigarar i område.

Tiltaksmidlar til skilt

Stølsheimen verneområdestyre løyver inntil kr. 3 000 eks. mva i tiltaksmidlar til kjøp av turskilta nemnt i dette vedtaket.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Ortnevik Grendalag om oppsett av turskilt i Ortnevik, datert 31.10.15

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Ortnevik Grendalag har i mange år rydda og merka stiar i områda rundt Ortnevik. Mange av stiane fører inn i Stølsheimen landskapsvernområde. Grendalaget har

produsert kart og hefte med turstiane teikna inn. Dei søker verneområdestyret om å få setja opp retningskilt på stiane slik at folk som er på tur i området lettare kan finna rette stiar. Dei søker om å få sett opp skilt på fylgjande stiar:

- Neset – Brydalen
- Brydalen – Brydalsstrupen
- Brydalen – Storekusen
- Seten – Brydalen
- Vassdalen – Furedalen. Det kan setjast opp informasjonskilt om vassskjelde i Vassdalen ved Vassdalsvatnet.
- Fodnesstølen – Solrenningane
- Skåra - Fitjefjellet

Skilta skal produserast av Harald Frode Mårstig. Skilta er laga i trykkimpregnert furu. Grendalaget har sett opp same type skilt andre stadar i området.



Skiltplan. Foto Ortnevik Grendalag



Skiltprøve. Foto Harald Mårstig

Ortnevik Grendalag søker om å få dekkja utgifter til skilta. Skilta er kostnadsrekna til kr. 3 500 inkl. mva.

Lovgrunlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta pkt. III: «Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske». Verneområdestyret kan gje løyve til «oppmerking av nye turstiar, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv.» jf. pkt. VI nr. 5.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Eit av føremåla med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er at området skal kunne nyttast til friluftsliv. All ferdsel skal skje på ein måte om ikkje skadar eller forringar natur- og kulturverdiane i området. I forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde er det sett fylgjande målsetjing for friluftsliv: «Stølsheimen landskapsvernområde skal framstå som eit naturområde godt eigna til utøving av tradisjonelt friluftsliv. Å ta vare på naturkvalitetar og kulturlandskap skal vera overordna ved tilrettelegging for friluftsliv». Ortnevik Grendalag har tidlegare merka mange turvegar i Ortnevik for at folk i bygda og tilreisande skal få oppleva det flotte natur- og

kulturlandskapet i Stølsheimen. Grendalaget søker no om å få skilta eksisterande turstiar som er merka, og byta ut gamle skilt. Dei fleste stiane startar nede i bygda Ortnevik, og mange av skilta vil difor verta sett opp utanfor landskapsvernområde. Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Skilta vil ikkje føra til nye inngrep i området, men vera til hjelp for å føra ferdsel i området inn på merka stiar. Ved utløpet av Vassdalsvatnet er det etablert vasskjelde for nokon av innbyggjarande i Ortnevik. Ved ferdsel i dette området må det visast naudsynt omsyn til vasskjelda. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som god for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

I tillegg til stiane som er merka av grendalaget, har Bergen og Hordaland turlag merkt stien frå Storedalen til Brydalen og vidare innover i Stølsheimen med DNT sine T-merke. Det er ikkje stort trykk av ferdsel i Ortnevik, men ferdsla kan auka ved meir informasjon om området. Det er ei ynskt utvikling frå sentralt hald at dei unike naturområda som verneområda i Norge er, skal kunne opplevast av fleire. I den nye merkevarestrategien for nasjonalparkar og andre verneområde er det lagt vekt på at verneområda skal kunne opplevast samtidig som områda skal takast vare på. Det er viktig å fylgje med på utviklinga av ferdsel i området for å sjå om ferdsla fører til skade på naturen, eller er til ulempe for andre brukarar av område. Ferdselsteljar på dei mest nytta stiane, kan vera eit aktuelt tiltak for å sjå kva omfang ferdsla har. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga tiltaket kan ha på økosystemet jf. nml. § 10. Oppsett av retningskilt og namneskilt på eksisterande turstiar vil lite truleg føra til auka belastning på naturen i området.

Som del av merkevarestrategien for verneområde, er det utarbeidd eigne profilmanualar som skal brukast i verneområde. Skiltmalane for landskapsvernområde er ikkje klare til bruk endå. Forvaltar meiner difor at Ortnevik Grendalag kan få nytta same type skilt som tidlegare. Desse skilta er i trykkimpregnert furu. Forvaltar tilrår at det vert brukt kjerneved av furu til skilt og stolpe for å bruka den beste miljømessige metoden jf. nml § 12. Dersom det er vanskeleg å få tak i kjerneved av furu, meiner forvaltar trykkimpregnert materiale likevel kan brukast. Det er berre ca. 20 skilt som skal setjast opp, og dei må truleg skiftast ut om nokre år når besøksstrategien for Stølsheimen landskapsvernområde er klar, og nye skilt er klare til bruk. Det vil mest sannsynleg ta fleire år før nye skilt er klare til bruk. Skilta må festast godt for å stå mot ver og vind, men dei skal ikkje festast med boltar i fjellet. Skilta bør kunne bytast ut eller fjernast utan at det vert vesentlege spor i naturen. Grendalaget har ansvar for tilsyn og vedlikehald av skilta.

Nml. § 11 er ikkje vurdert då tiltaket lite truleg vil føre til skade på naturen.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, vurderer forvaltar at oppsett av skilta ikkje er i strid med verneføremålet, og rår til at det vert gjeve løyve å setja opp skilta i tråd med skiltplan frå Ortnevik Grendalag.

Skilt som vert sett opp utanfor verneområdet kan setjast opp utan løyve frå Stølsheimen verneområdestyre, men grunneigar må gje løyve til å setja opp skilta. For å styra ferdsel inn på merkte stiar, er det viktig med god informasjon frå startpunktet av stiane. Startpunktta er for det meste utanfor verneområdet. Verneområdestyret kan bruke tiltaksmidlar til tilrettelegging for ferdsel i innfallsportar til verneområde. Forvaltar rår til at det vert brukt tiltaksmidlar til skilting av turstiane som fører inn i verneområdet og til skilt i verneområdet i tråd med skiltplan frå Ortnevik Grendalag.

